



SANDNES KOMMUNE

Høle Barne- og Ungdomsskule



Skulebasert praksisplan for Høle Barne- og Ungdomsskule 2016



Innhald

Velkomen til Høle skule som student!	2
Fakta om Høle Barne- og Ungdomsskule	3
Kva forventar Høle skule av deg når du er i praksis hjå oss?	5
Kva kan du forvente av oss som praksisskule?	5
Vår plan for praksisopplæring	6
Ei arbeidsveke på skulen.....	8



Velkomen til Høle skule som student!

Vi håpar du finn nytte av denne planen som er laga for at du som student skal finne svar på mykje av det som du treng å vite om Høle Barne- og Ungdomsskule og om praksisperioden du skal ha her. De studentar er veldig viktige for oss. Kvar nye student er noko nytt og spennande i læringsmiljøet og det sosiale arbeidsmiljøet, difor ser vi fram til å samarbeide med deg.

Arvid Strand, rektor

arvid.strand@sandnes.kommune.no

Fakta om Høle Barne- og Ungdomsskule

Historikk og tal

Høle skule vart grunnlagt i 1863. Tomta som skulen ligg på var opphavleg eit småbruk, med parsell ned til sjøen. Dette nyt vi godt av i dag med eige strand, brygge, grillplass og urtehage ned mot sjøen. Vi har fokus på miljø og er sertifisert som miljøfyrtårn.

Målform er nynorsk.

Elevtalet er om lag 170.

Det er 30 tilsette ved skulen.

Visjon

Skulen og bygda – samarbeid for læring og trivsel.

Pedagogisk grunnsyn

”Alle elevane er våre”. Alle elevane har evner og ei framtid. Saman med eleven og føresette er det er vår jobb å finne evnene, utvikle dei og legge grunnlaget for ei god framtid.

Vårt samfunnsoppdrag er å sikre at alle elevane når sitt potensiale for læring. Det forpliktar oss til å ivareta alle elevane si utvikling.

Satsingsområder

- Vurdering for læring er hovudfokus for alle Sandnesskulane, dette inneber mellom anna forsterka skriftleg halvårsvurdering på barnetrinnet.
- Utviklande (russisk) matematikk for 1-3. klasse i samarbeid med UiS.
- Leseutvikling og eit meir praktisk ungdomstrinn.

Samarbeid

Høle Barne- og Ungdomsskule er praksisskule for Universitetet i Stavanger. Vi har vore praksisskule (lærer/PPU) siste 20 år og ser no fram til samarbeidet med studentane og UiS også i perioden 2014-2018. Dette samarbeidet gjer oss oppdatert på det nye i lærarutdanninga, tilfører oss kompetanse og variasjon.

Skulen har eit nært og godt forhold til Altona ressurscenter, kor vi får spisskompetanse på særskilte utfordringar blant elevane.

Vi har eit godt samarbeid med heimane og nyt ofte godt av foreldra sitt engasjement. Samarbeidsutvalet er skulen sitt "styre" og saman med Foreldreutvalet bidrar dei med innspel og ressursar til nytte for oss alle.

Praksislærarar

Ole Martin Søndervik	ole.martin.sondervik@sandnes.kommune.no
Runa Horve	runa.horve@sandnes.kommune.no
Bjørn Magne Watsend	bjorn.magne.watsend@sandnes.kommune.no
Jostein Løvtangen	jostein.magne.lovtangen@sandnes.kommune.no
Morten Haaland	morten.haaland@sandnes.kommune.no
Anne Gro Hamre	anne.gro.hamre@sandnes.kommune.no
Anne Jorunn Sjurseth	anne.jorunn.sjurseth@sandnes.kommune.no

Kontaktinformasjon

Sentralbord : 51337800

Adresse : [Apalstøveien 84, 4308 Sandnes](https://www.google.com/maps/place/Apalstøveien+84,+4308+Sandnes)

Meir informasjon

Sjå vår heimeside på www.minskole.no/hole

Eller spør ein av oss!



Kva forventar Høle skule av deg?

Å vere student set krav til profesjonalitet. Læreryrket er kjeft, framtidsretta og utfordrande. Det er og mykje arbeid, krevjande val, spesielle situasjonar og lange, seine kveldar.

Arbeidstidsavtalen med lærarane tilseier 9 timars arbeidsdag, av ei 45 timars veke er 32 timar avtalt brukt på skulen.

Ei tilnærming til kva ein framtidig arbeidsgjevar venter, finn vi i stillingsannonser kor ein ønskjer kvalifikasjonar som: "gode samarbeidsevner, fleksibel, kreativ, sjølvstendig, positiv, ansvarsbevisst, praktisk og løysingsorientert, resultatorientert osv"

Vårt mål er at du skal lære mest mogleg i praksisperioden – og vi håper å lære av deg.

Dine saklege innspel, ditt undervisningsopplegg og det du underviser vil gje elevane eit anna tilbod enn vi faste her gjev.

Våre forventingar og praksis er prega av vår tolking av avtalar og planar. Andre skular kan ha ulik praksis frå oss. Alle skular har ei profesjonell tilnærming til krav om teieplikt (fvl.love § 13) og det er rutine å få orientering om kva den inneber samt underteikne teieplikterklæring.

Profesjonsetikk

Vi som arbeidar på Høle skule har forventningar og krav til studentane som kjem hit i praksis:

- De deltek aktivt i praksisfellesskapet
- De er tilstade på skulen kvar dag frå 08.00 – 15.30. Unntak er fredag, då til 14.00
- De er positive rollemodellar for elevane.
- De er godt forberedt før møtet med elevane.
- De tilpassar undervisninga til elevar og fag.
- De omtalar skulen positivt, og gjev sakleg beskjed om det er noko de lurar på eller er ueinig i.
- De er ein del av eit profesjonelt fellesskap kor respekt og teieplikt er ein kjerne.
- [Ordensreglementet](#) gjeld for både elevar, tilsette, og studentar.

Rutiner for fråvær

- Gje beskjed til praksislærer din så snart som råd.
- Fyll ut vedlagte skjema for eigenmelding.
- Avtal når fråværet kan tas att, jamfør krav i utdanninga om talet på dagar i praksis.

Kva kan du forvente av oss som praksisskule?

Dette kan du forvente av oss som arbeidar på Høle skule:

- Som student her, er du ein av oss, jamfør vårt pedagogiske grunnsyn – «alle elevane er våre».
- Heile personalet er godt førebudd til å ta imot studentar.
- Elevrådet ønska sterkt at vi skulle vere praksisskule, og elevane gler seg til studentane kjem.
- Vi er gode rollemodellar. Vi tilpassar undervisninga til elevar og fag og er tydelege leiarar.
- Vi lærer i praksisfellesskapet.
- Vi lyttar aktivt til studentane og vi lagar praksisplan i saman.
- Studentane er ein viktig ressurs for skulen.

Vår plan for praksisopplæring

Praksisperiodane i korte trekk

Hos oss på Høle skule vil vi legge til rette for at de får ein variert, rettleia og vurdert praksisperiode, der de opplever progresjon i forhold til eiga utvikling. Innhaldet i praksis hos oss vil variere ut frå kor langt de er kome i eiga utdanning. Saman skal vi hjelpe kvarandre med stadig å forsøke å knytte saman teori og praksis, med felles målsetting om å legge best mogleg til rette for **læring** både for studentar, elevar og lærarar.

Vi ønskjer saman å skape praksisperiodar som kan gi gode vilkår for å kunne utvikle eigen lærarrolle og ein praktisk yrkest teori.

Læringsutbytte

Vi vil legge til rette for at de når måla for læringsutbytte etter rammeplanen for grunnskulelærer utdanninga 1.-7. trinn og 5.-10. trinn. (Rundskriv F-05-10).

Studieår	Tema	Tverrgående perspektiv:
1.år	Lærarrolla, lærararbeidet og læraren si tilrettelegging av fag for elevane. De vil få særskilt innføring i lesing som grunnleggjande ferdigheit og prøve å legge til rette for elevane si utvikling av leseferdigheit i norsk og matematikk. Her vil utprøving av ulike læringsstrategiar vere aktuelt. Saman med praksislærer vil de få opplæring i vurdering for læring og sjølv bruke vurdering som en del av læringsarbeidet og legge til rette for elevane si eigenvurdering.	Danning og grunnleggjande ferdigheiter
2.år	Den enkelte eleven, elevmangfald og elevane sitt møte med skule og fag. Vi har spesielt fokus på tilpassa opplæring og de vil få prøve ut ulike arbeidsmåtar, som stasjonsundervisning og tilpassa arbeidsoppgåver for elevane. Gjennom å lære meir om lesing i alle fag vil de få innsikt i elevane si læring av grunnleggjande ferdigheiter og forståing av fagkunnskap. Alle studentar får tilbod om å planlegge og gjennomføre ein elevsamtale.	Vurdering og tilpassa opplæring
3-4.år	Jobbe vidare med tema for 1. og 2. året og samtidig sjå på skulen som organisasjon, det profesjonelle fellesskapet og samarbeid med føresette og andre sentrale instansar utanfor skulen. Om mogleg får de delta på eit klasseforeldremøte eller ein utviklingsamtale i løpet av praksis hos oss. Ved å delta på eit spesialpedagogisk møte på skulen vil de få eit innblikk i korleis samarbeidet mellom lærarane, spes.ped. ansvarleg, leiinga og andre aktørar som for eksempel PPT og skulehelsesøster fungerer.	Tverrkulturelle perspektiv og samisk

Variert praksis

- Tilpassa praksis til der du er i forhold til tidlegare utdanning og erfaring.
- Observasjon og utprøving av variert lærararbeid på ulike trinn og i fleire fag.
- Vere ein del av kollegiet og delta i faglege refleksjonar på personalmøte, ag-møte og andre samarbeidsmøter.
- Vere vakt i friminutt.
- Ta del i vurderingsarbeid. På Høle er Vurdering for Læring eit fokusområde, og det inneberer å setje og tilpasse læringsmål, planleggje undervisning i forhold til måla og vurdere elevane med skriftlege og munnlege framovermeldingar for best mogleg læring.

- Delta i skule- og heim-samarbeid. Dette kan innebere å delta på foreldremøte eller på foreldresamtalar når det fell saman med praksisperioden.
- Delta på felles kommunale kurs/utviklingsarbeid når det fell saman med praksisperioden.
- Få opplæring i bruk av Smartboard og mulighet til å teste ut dette i eiga undervisning.
- Prøve ut skulen sine læremiddel, og få erfaring i bruk av ulikt konkretiseringsmateriell.
- Få erfaring i tilpassa opplæring.

Rettleia praksis

- Saman med praksislærer skal du og dine medstudentar lage ein gruppebasert praksisplan, der innhaldet for praksisperioden skal bli tydeleggjort.
- I forkant av ei undervisningsøkt får du rettleiing på dei didaktiske planane du har utarbeida åleine, saman med medstudentar eller med praksislærer.
- Det vil også bli gitt rettleiing undervegs i førebuingssprosessen, og i etterarbeidet av timane.
- Du vil få rettleiing ut frå korleis du fungerer i samhandling med elevar og kollegaer.
- For oss er det eit viktig prinsipp at du får utfordringar som passer til deg. Det sett føre god kommunikasjon mellom deg og din praksislærer.

Vurdert praksis

- Arbeidet du gjer i praksis vil bli vurdert, og du får tilbakemeldingar på kva du meistrar og kva utfordringar du har å jobba vidare med.
- Me ønskjer at denne tilbakemeldinga skal vera kontinuerleg, og ein del av rettleiingstimane. Målet er at du skal få framovermeldingar som du kan bruka når du og dine medstudentar planlegg nye undervisningsøktar eller anna lærararbeid.
- I tillegg til den vurderinga praksislærer gjev, skal du også få vurdere deg sjølv og medstudentar. Her vil du også nytta prinsipp frå vurdering for læring.
- I kvar praksisperiode vil kvar student få individuelle rettleiingstimar, der me saman ser på kva mål du og dine medstudentar skal arbeida mot. Praksislæraren vil ha ein samtale med deg i god tid før praksisperioden er slutt dersom det er nokre av måla i praksisen du har problem med å nå. Saman vil me laga ein plan for korleis desse måla kan bli nådd.
- I løpet av perioden er det ei midtvegsvurdering, der studentar, praksislærer og rektor deltek. Etter endt praksis vil du få ei avsluttande vurdering, med ei framovermelding. Det blir gitt ei summativ vurdering i slutten av praksisperioden (bestått/ikkje bestått). I tillegg får du ei formativ vurdering som kan hjelpa deg i framtidige praksisperiodar.

Ei arbeidsveke på skulen

Lærarane har fast arbeidstid og plikt til å vere tilstade frå 08.15 til 14.00 måndag, onsdag og fredag. På tysdag og torsdag varer arbeidsdagen til 15.30.

Ein lærar i 100% stilling har i tillegg til undervisning, om lag ein time med friminuttvakt i løpet av ei veke.

måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
08.15 morgonmøte	08.15 morgonmøte	08.15 morgonmøte	08.15 morgonmøte	08.15 morgonmøte
08.20: Inn 09.05: Ut 09.20: Inn 10:50: Mat	08.20: Inn 09.05: Ut 09.20: Inn 10:50: Mat	08.20: Inn 09.05: Ut 09.20: Inn 10:50: Mat	08.20: Inn 09.05: Ut 09.20: Inn 10:50: Mat	08.20: Inn 09.05: Ut 09.20: Inn 10:50: Mat
	11.10 midttimemøte			
11.00: Ut 11.30 Inn 13.00: Ut (buss) 13.15: Inn 14:00 Ut (buss)	11.00: Ut 11.30: Inn 12.15: Ut (buss) 12.30: Inn 14:00 Ut (buss)	11.00: Ut 11.30 Inn 13.00: Ut (buss) 13.15: Inn 14:00 Ut (buss)	11.00: Ut 11.30 Inn 13.00: Ut (buss) 13.15: Inn 14:00 Ut (buss)	11.00: Ut 11.30 Inn 13.00: Ut (buss) 13.15: Inn 14:00 Ut (buss)
	14.15 AG-møte*		14.15 personalmøte/ faggruppemøte	
	arbeidstid til 15.30		arbeidstid til 15.30	

*AG (Arbeidsgruppe/trinnmøte) AG1: 1-4.trinn, AG2: 5-7.trinn, AG3: 8-10.trinn

Det kjem eit kort ringesignal to minutt før friminuttet er slutt.

Tysdagar går 1.-4. til 12.15 medan resten går til 14.00

Onsdagar går 1.-7. til 13.00 medan 8.-10 går til 14.30

Torsdagar og fredagar går 1.-2. til 13.00 medan resten går til 14.00